

Nordfjord vassområde



Referat frå temamøte om spreidde avløp 19.01.2017.

Nordfjord Vassområde.

Nordfjordeid vidaregåande skule, møterom «Hertugen» kl 9:15 - 14.00.

Desse møtte:

Magnhild Myklebust,	Bremanger kommune
Solfrid Trå,	Jølster kommune
Arne Mykland,	Gloppen kommune
Stanislawa Voldsund,	Eid kommune
Øystein Solheim,	Vågsøy kommune
Borghild Guddal,	Stryn kommune
Kolbjørn Nilsen,	Stryn kommune
Kristian Nave,	Selje kommune.
Staffan Hjohlman,	prosjektleiar.

BAKGRUNN FOR MØTET

Dette var eit oppfølgingsmøte etter temamøte 30.11.2016.

Formålet med temamøta er at sakshandsamarar frå kommunane i Nordfjord vassområde møtast og diskuterer problemstillingar og samarbeid rundt spreidde avløp, med hovudmålsetting å ivareta krava etter vassforskrifta.

GJENNOMGANG AV SKJEMA MED OPPLYSNINGAR FRÅ KOMMUNANE (VEDLAGT)

Skjemaet vart supplert og retta opp.

Kommunane har frist til fredag 27.01. med å sende manglande opplysningar til Staffan.

Dei mest brukte minireinseanlegga i kommunane er typane Klaro og Biovac

Det er døme på at minireinseanlegg ikkje fungerer.

Det er også døme på at service har falt ut grunna manglande betaling frå eigar til leverandør.

Etter varsel om tilbaketrekking av utsleppsløye, kom serviceavtalen igjen i orden.

Ingen av kommunane har lokal forskrift i tråd med forureiningsforskrifta § 12-6.

Mangelrapportar frå slamtømming blir følgde opp i varierende grad.

Det blir ikkje ført tilsyn med mindre avløpsanlegg anna enn vurdering av endring i utsleppsløyve i samband med utviding av bustadhus. Tilsyn blir ikkje prioritert, mellom anna på grunn av manglande ressursar. Unntak: Eid kommune som utfør tilsyn på bakgrunn av mangelrapportar. Eid kommune har innført gebyr for sakshandsaming og kontroll av avløp, kr 717 per time, minimum 1400.

RAPPORTAR FRÅ SLAMTØMMING / SEPTIK 24

Kommunane sin kunnskap om dei private avløpsanlegga kjem til største delen frå Septik 24 som har oppdraget med slamtømming. Septik 24 rapporterer til huseigarar og kommunane om manglar som blir oppdaga. Eid kommune fekk tidlegare rapportar som inneheldt utløpsstad (infiltrasjon, sandfilter, elv). Desse opplysningane er ikkje lenger med i rapportane. Det er høve til å gjere avtale om API (programvare) som gjev forbindelse mellom Septik 24 sitt datasystem (M septik) og kommunane sitt saksbehandlingssystem, Komtek, mot ekstra vederlag.

Nordfjord vassområde



Det inngår ikkje i oppdraget til Septik 24 å kontrollere infiltrasjonsanlegg / sandfilter / utsløppspunkt o.s.b. Det var ulik oppfatning om Septik 24 gjer utbetringar i samband med slamtømminga, til dømes monterer «dykk» i slamavskiljaren. Det vanlegaste synast å vere at huseigar må tinge rørleggjar til slik utbetring. Utbetringa må utførast samtidig med slamtømming, før væskefasen blir pumpa tilbake i slamavskiljaren.

Avtalen om slamtømming er i ferd med å bli overført frå Nordfjordkommunane til Nordfjord Miljøverk IKS (NoMil). Tidspunkt for overføringa avheng av den enkelte kommune sin noverande avtale. Vågsøy har særavtale med Septik 24 med automatisk datautveksling med Komtek. Jølster er tilknytta Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) og føl dei avtalar som blir inngått der.

For di rapportar frå slamtømming i mange kommunar er einaste kjelde til kunnskap om tilstand på mindre avløpsanlegg, er det sær viktig for kommunane å få del i alle opplysningar, foto m.m. som blir dokumentert, og at slike data blir integrert i kommunane sine system for sakshandsaming.

Oppfølging i gruppa:

Magnhild sender avtalen mellom NoMil og kommunane om slamtømming til Staffan.

Solfrid sender tilsvarande avtale mellom SUM og kommunane til Staffan.

Staffan sjekker avtalane vedkomande ordning for data- / mangelrapportering frå Septik 24, og kontaktar NoMil og SUM ved behov for nærare opplysningar om temaet.

KORLEIS SER KOMMUNANE FØRE SEG Å FÅ IVERKSETT TILTAK DER SPREIDDE AVLØP UREINAR VASSDRAG?

Selje: I ny arealplan er det sett ned krav om fellesanlegg i Hoddevik og Ervik, mellom anna for å hindre ureining av badeplassar. Også eksisterande bustadhus vil få krav om å kople seg på.

Gloppen: Tilkopling til kommunalt avløpssystem blir gjort i stort omfang, også relativt spreidde bustadar. Arbeidet tek utgangspunkt i saneringsplan som vart laga for ein del år sidan. Kommunen driftar no 40 – 50 pumpestasjonar. Kommunen har renseanlegg på Byrkjelo og på Reed, silanlegg på Sandane og 3 større slamavskiljarar, mellom anna i Hyen.

Eid: Oppfordrar til etablering av fellesanlegg med minirensanlegg. Eid har nyleg utvida det kommunale avløpsnett til å omfatte Mogrenda, Hjelle og Nor Bru. Tilsyn på bakgrunn av mangelrapportar frå slamtømming (sjå over).

Jølster: Mangellister frå slamtømming og oversikt over vassdrag i risiko utgjer eit godt utgangspunkt for å rydde opp i mindre avløpsanlegg. Jølster har ikkje ressursar til å rydde opp og føre tilsyn. Dersom kommunen innfør tilsynsgebyr kan ein starte opp med førebuaende kartlegging. Konkrete tilsyn må vente til etter kommunesamanslåing med Førde, Naustdal og Gaular.

Framlegg frå Høgre om å innføre tilsynsgebyr vart nedstemt av kommunestyret ved behandling av gebyrsatsar 13.12.2016. Det mangler politisk aksept for å rydde opp i spreidde

Nordfjord vassområde



avløp. Fastsetting av tilstand i vassførekomstar har ikkje fått aksept pga mangelfull dokumentasjon.

Stryn: Har ikkje ressursar til å føre tilsyn. Meiner det må kome tydelegare krav om dette frå overordna nivå for at dette skal prioriterast. Peikar på at kontroll og oppfølging av ulovlege forhold ikkje er det same som tilsyn.

Vågsøy: Følgde opp 39 av mangelrapportar (ca halvparten) i 2015.

Hornindal (meldt før møtet):

Problemområde som er avdekkja i samband med prøvetakinga i den enkelte kommune må følgjast opp av kommunen sjølv.

Ser ikkje at det er aktuelt å bruke ressursar på felles tilsynskontor, men å utveksle malar m.m. for gjennomføring av pålegg kan vere ein grei måte å kome vidare på.

Ser heller ikkje at det er aktuelt for Hornindal kommune å etablere eit stort apparat for gjennomføring av tilsyn på dette området. Fleire og fleire blir knytt til kommunale avløpsleidningar, eller etablerer privat felles- eller enkelthus anlegg (minireinseanlegg).

Kommunen har difor bra kontroll på dette området, og eg ser ikkje trongen for etablering av tilsyn utover det vi har i dag.

Motivere og informere politisk skjer m.a. ved gjennomføring av VA-prosjekt, og i årsmelding og kostra-rapportering.

Prøvetaking i diverse vassdrag i Nordfjord viser at det (i dei fleste tilfelle) er ureining frå landbruket som er største problemet - ikkje ureining frå spreidde avløp. Ressursane bør difor i større grad rettast inn mot tiltak i landbruket.

ER DET AKTUELT Å FORMALISERE EIT SAMARBEID – T.D. NETTVERK, FELLES FORSKRIFT, FELLES TILSYNSKONTOR?

Semje i møtet om at formalisert samarbeid bør utgreiast. Felles tilsynskontor må vere basert på tilsynsgebyr (årleg gebyr til alle anlegg eller gebyr per tilsyn). Det må vere tenestebil av omsyn til smittefare. HMT omsyn talar for at tilsyn i felt blir utført av to personar i lag.

Bioforsk anslo at 2 personar kan gjere tilsyn på 4-5 anlegg per dag. Huseigarar med private avløpsanlegg har over lang tid hatt låge gebyr, og det er ikkje urimeleg med ei kostnadsutjamning i form av auka gebyr og kostnader med utbetringar. Omsyn til reiseavstand gjer at tilsynsområdet bør avgrensast til Nordfjord. Hornindal kommune ønskjer ikkje å delta.

KORLEIS KOMME I GANG MED ORGANISERT TILSYN I NORDFJORD?

- Samarbeid om tilsyn må utgreiast.
- Saka må leggest fram for rådmannsgruppa i Nordfjord (jamfør tilsvarende sak i Søre Sunnmøre).
- Før ein går i gang med tilsyn må kommunane avklare kva for område som skal knyttast til kommunalt avløpsnett.
- Arbeide for at kommunane får dokumentasjon frå slamtømming (type anlegg, manglar, foto) i hensiktsmessig format.
- Informasjon og motiverande tiltak er viktig (sjå avsnittet nedanfor).

MOTIVERE / INFORMERE POLITISK

Kommunepolitikarar må orienterast om problema med spreidde avløp. Seminaret 28.-29. mars er eit godt høve for dette (sjå eige avsnitt). Må sende invitasjon til politikarar i vassområdeutvalet (**ansvar: Staffan**). Sende referat frå møta i prosjektgruppa og temamøte til

Nordfjord vassområde

vassområdeutvalet (**ansvar: Staffan**). Orientering i politiske utval (**ansvar: sakshandsamarar i kommunane**). Samanstille resultat frå overvaking av vassførekomstar (**ansvar: Staffan**)



SEMINAR OM AVLØP OG LANDBRUK PÅ SKEI 28. – 29. MARS

Staffan presenterte eit råutkast til program. Det er høve til å kome med innspel til innhald også i etterkant av temamøtet.

NESTE MØTE

Det vart avgjort å ta neste møte etter seminaret 28.-29. mars.

Neste møte blir torsdag 27. april. Staffan sender ut innkalling via Outlook-kalender. I samband med seminaret vil det bli gjort ei vurdering på om politikarar skal inviterast til temamøtet.

Staffan Hjohlman
ref

Nordfjord vassområde



Vedlegg

Oversikt spreidde avløp (små private avløpsanlegg), Nordfjord vassområde

	Jølster	Breman- ger	Vågsøy	Selje	Eid	Hornin- dal	Glop- pen	Stryn
Tal bustadar tilknytta kommunalt avløp bustad/fritid/næring	638 (inkl nærings- bygg)	834	1170 (inkl nærings- bygg)		1228			
Små avløpsanlegg bustad:								
Tal bustadar utan rensing		180	328	60	0		40	
Tal bustadar septiktank utan etterfølgjande rensing	0	710	645	628	399	10	1100	1200
Tal bustad infiltrasjon	651	71	9	0	503	30		425
Tal bustad sandfilter		49	1	75	82	280		483
Tal biorensanlegg	?		0	2	12		1	1 (fellesanlegg hytte)
Tal kjem/bio rensanlegg	?	1	0		20	7		1 (fellesanlegg hytte)
Tal bustadar tett tank	27 (stort sett fritidsb)	5	2		16 (berre hytter)			0
SUM tal små anlegg	678	1016	985	765	1016	327	1141	2108
% av mangelrapport frå Septik 24 som blir følgd opp? (anslag) (brev til huseigar)	56 % (2014)	20 %	50% (39 stk) 2015		100 %			15 % (2015)
Heimel for avløpskrav:								
Sentral forskrift (X)	X	X	X		X			X
Lokal forskrift (X)								
Arealplan (X)	X		X		X			
Anna? Skriv kva!								
Tal tilsyn private anlegg:								
2015	0	0	0		0			0
2016	0	0	0		0			0

Grøne tal er innhenta frå kommunane

Svarte tal er innhenta frå SSB